Statsforvaltaren i Vestland

| Vår dato: | Vår ref: |
|---|---|
| 02.07.2025 | 2025/8118 |
| Dykkar dato: | Dykkar ref: |
| 20.5.2025 | 10260975-01 |

Multiconsult

Saksbehandlar, innvalstelefon
Heidi Sandvik, 5764 3151
Tore Larsen, 5764 3126

# Fråsegn - melding om oppstart - reguleringsplan - Bremanger - Kinn - farlei - Florø - Stad - planid. 4648.202501

Vi viser til oversending dagsett 20.5.2025 med varsel om oppstart av planarbeid med planprogram for detaljregulering ved Olaskjeret, Hornelsflua - Skaten for tiltak i farleia, og deponi ved Storøyna. Tilsvarande sak for område i Kinn kommune er sendt frå Kinn kommune. Det er venta at transport på sjøen vil auke i åra som kjem, og føremålet med planarbeidet er å gjere det sikrare og meir framkomeleg for fartøy som trafikkerer i hovudleia mellom Florø og Stad. Det er difor behov for å utdjupe fleire grunner på strekket, både i Bremanger kommune og i Kinn Kommune.

| | |
|---|---|
|  | Planområde i Bremanger kommune for utdjuping ved Olaskjeret og Hornelsflua – Skaten, og deponiområde ved Storøya, henta frå oppstartvarselet. |

Figur 3-2 (under) er henta frå planprogrammet og viser planstatus i overordna plan.

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger; Solheimsgaten 13, Bergen; Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvaltaren.no/vl
Org.nr. 974 760 665

*Tabell 3-2 Forhald til kommuneplanens arealdel og kommuneselplan for ulike tiltaksområde.*

| Planområde, plan, føremål , omsynssoner, juridiske liner | |
|---|---|
|  | **Olaskjeret**<br>Kommuneplanen sin arealdel, planid 4648.201804<br>Kommunedelplan for Botnane, planid. 201212<br>Område i sjøen er avsett til:<br>o Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)<br>o Farleilinje gjennom utdjupingsområdet<br>o Bandlegging etter lov om naturvern (H720_7 Vengane naturr-eeservat (nord-vest for grunnene) |
|  | **Hornelsflua, Skaten**<br>Kommuneplanen sin arealdel, planid 4648.201804<br>Område i sjøen er avsett til:<br>o Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (lys blå)<br>o Farleilinje<br>o Samferdslelinje – hovudveg (Skatestraum-tunnelen – undersjøisk tunnel) |
|  | **Deponi vest for Storøyna**<br>Kommunedelplan for Rugsund-Leirgulen, planid. 1438.201211<br>Område i sjøen er avsett til:<br>o Fiske |

## Vurdering

Plankonsulent har på vegne av Kystverket utarbeidd forslag til planprogram for detaljregulering med konsekvensutgreiing for tiltaka ved utbetring av farleia på strekninga frå Florø til Stad. Føremålet med planarbeidet er utdjuping av fleire grunner i leia. Grunnene skal bli utdjupa til om lag -12 meter,

med unntak av grunnene ved Ulvesundet – Sildefjorden (Kinn kommune) som skal bli utdjupa til om lag -14 meter. Det er planlagt å fjerne omlag 160 000 $m^3$ (ca. 270 000 $am^3$) med massar samla på strekninga i Kinn og Bremanger.

Oppstart av planarbeidet/prosjektet heiter "*Gjennomsegling Florø - Stad*" og er prioritert i Nasjonal transportplan 2025-2036 og Kystverkets gjennomføringsplan med oppstart i 2028. Kystverket har målsetting om at massane som vert fjerna i utdjupinga skal bli nytta til utbyggingsføremål som har samfunnsnytte, som til dømes opparbeiding av næringsområde. For å sikra gjennomføring av utdjupingstiltaka dersom gjenbruk av massane til utfylling frå land ikkje lar seg gjera, vil det i tillegg vera naudsynt å regulera for sjødeponi.

Kommunen har i samråd med plankonsulent vurdert at planarbeidet utløyser krav om konsekvens-utgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar, sidan planen vil leggja til rette for deponi for masse i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 $m^3$ masse. Det er vurdert at planen kan gje vesentlege verknader for miljø og samfunn som følgje av mogleg konflikt med verdiar knytt til naturmangfald, og at det difor skal utarbeidast konsekvensutgreiing. Statsforvaltaren i Vestland er samd i denne vurderinga.

Planprogrammet gir ei oversikteleg omtale av dei planlagde tiltaka der fleire ulike omsyn skal utgreiast og vurderast jf. kapitel fire og fem. Vi saknar likevel at massehandtering ikkje er ein av dei sentrale tema som skal konsekvensutgreiast. (sjå elles avsnitt om massehandtering). Vi føreset elles at konsekvensutgreiinga følgjer opp dei krava som går fram av kapittel 5 i KU-forskrifta om "Innholdet i konsekvensutredningen". Statsforvaltaren tilrår at det gjennomgåande i konsekvens-utgreiinga vert nøye vurdert tilpassingar og avbøtande tiltak, og at dette vert presisert i planprogrammet, jf. § 23 i KU-forskrifta. Statsforvaltaren har elles ingen vesentlege merknader til planprogrammet. Vi ber elles om at planarbeidet har særskilt merksemd på følgjande tema:

**Forureining:**
Det vil vere vesentleg å få tilstrekkeleg registrert grunnforureining i sjøen i dei områda som skal utdjupast eller der massane evt. skal deponerast. Vi føreset difor at planarbeidet skildrar tilhøvet knytt til botntilhøva og om det vil vere fare for spreiing av forureining som ligg sedimenta, som då kan få konsekvensar for naturmiljøet og vassøkologien i tiltak- og influensområdet. Vi er ikkje kjent med den økologiske tilstanden i dei ulike delområda, men vi er uroa over at vasskvaliteten, vassmiljøet og den økologiske tilstanden kan verta endra, ved dei planlagde tiltaka. Vassmiljøet kan bli påverka av partikkelspreiing frå muddring og dumping av lausmasser og sprengsteinmassar. Utlekking av uomsett nitrogen frå sprengsteinmassar kan påverke økologisk tilstand negativt. Planarbeidet må såleis synleggjere konsekvensane tiltaka kan få for vassøkologien og vasskvaliteten, ikkje berre i tiltaksområdet, men også influensområdet.

Vi legg elles til grunn at lausmassar som er registrert forureina, må takast på land i godkjent deponi, før ein evt. nyttar dei andre stadar. Vi vil òg minne om at bruk av massar til planlagde prosjekt som til dømes opparbeiding av næringsområde i kommunen, må vurderast og avklarast i plansamanheng. Elles bør slike dumpeområde som kjem i konflikt med forureining eller marine naturtypar i all hovudsak unngåast eller tilpassast - slik at miljøskaden vert minst mogleg. Det må sikrast at det føreligg tilstrekkeleg miljøgiftkartlegging for dei aktuelle plassane. Dersom det som følgje av tiltak i planen er fare for forureining, føreset vi at det vert stilt krav i føresegnene om avbøtande tiltak som forhindrar dette.

**Massehandtering:**
Det kjem fram av oppstartsmeldinga at ein planlegg å fjerne om lag 160 000 f m$^3$ (ca. 270 000 am$^3$) med massar. Det må såleis kome klårt fram av planarbeidet korleis desse massane skal handterast, sidan utgangspunktet er at dei skal nyttast til utfylling andre stader i kommunen. Sidan dette er botnmassar, er det mogleg at massane kan vere forureina. Det kan difor vere fare for vesentlege verknader for miljø, samfunn og naturmangfald.



Avfallspyramiden

Massar kan vera ein resurs eller eit problem. Etter vår vurdering bør massehandteringa vere ein sentral del av vurderingane i konsekvensutgreiinga. Vi føreset difor at ein i konsekvensutgreiingsarbeidet, har ei berekraftig tilnærming til spørsmålet om masselagring, og at det er merksemd på gjenbruk og resirkulering av massane frå prosjektet.

Planarbeidet må såleis i tilstrekkeleg grad synleggjere korleis ein skal handtere massane ifrå prosjektet i planprosessen eller kvar dei kan nyttast/deponerast. Vi viser såleis til nasjonale forventingar til kommunal planlegging 2023 – 2027 og § 44 «*Helhetlig masseforvaltning avklares i regionale og kommunale planer. Planer for større bygge- og anleggsarbeider avklarer hvordan overskuddsmasser skal disponeres og hvordan nødvendig areal til håndteringen skal sikres*». Innforstått så bør det etter vår vurdering, utarbeidast ein massehandteringsplan i planarbeidet.

Planen skal beskrive kvalitet på massane og kvar evt. massane skal lagrast før dei vert nytta, osv. Det bør også vurderast om det er behov for areal for mellomlager/ressursbankar og deponi, dersom dei skal nyttast i samband med utbyggingsføremål. Vi føreset at planarbeidet skildrar desse tilhøva godt dersom dette vert aktuelt, og at tilhøvet til kvaliteten på massane vert utdjupa. Avbøtande tiltak må forankrast i føresegna.

**Naturmangfald:**
I planprogrammet kap 5-1, er det sagt at verknadene for Vengane naturreservat og Haukedalsholmane naturreservat vil bli utgreidd, spesielt knytt til støy- og lysureining i anleggsfasen.

Planområdet Olaskjeret ligg nær **Vengane naturreservat** (sjøfugl). Olaskjeret sjølv ligg i naturreservatet, og avstanden frå vernegrensa til det næraste arealet som skal sprengast vekk er om lag 220 meter. Ut frå dette bør arbeidet ikkje skje i hekketida (1.4.-31.7.)

Planområdet Skatestraumen og Storøyna ligg nær **Haukedalsholmane naturreservat** (sjøfugl). Avstanden frå vernegrensa til det næraste arealet som skal sprengast vekk er om lag 250 meter. Ut frå dette bør arbeidet ikkje skje i hekketida (1.4.-31.7.)

Av planprogrammet kapittel 5.1 går det vidare fram at det for deponiområda skal utførast ny naturtypekartlegging, registreringar av fuglar og målingar av forureining i sediment og straum. Vi rår til å konkretisere kva som er meint med ny naturtypekartlegging, og vi ber om å spesifisere dette i planprogrammet som både naturtypekartlegging og artskartlegging, der både raudliste og OSPAR si liste over trua og/eller minkande habitat blir lagt til grunn.

Vi viser her også til føresegnene i nyleg vedteken arealdel til kommuneplanen, punkt 1.8, 3. og 4. ledd:

*«Marint biologisk mangfald: Før etablering av akvakulturanlegg og søknadspliktige tiltak i og ved sjø, som mellom anna sprenging og utfylling i sjø, er det krav om utgreiing om marint biologisk mangfald. Unntak frå kravet er etablering av stø/båtopptrekk og mindre vorrar for skjerming av stø i naustområde. Det skal setjast inn avbøtande tiltak for å ivareta det marine biologiske mangfaldet under utbygging og etterpå.», og*

*«Planen opnar ikkje for tiltak som kan forverre miljøtilstand i resipient/vassførekomst, og som kan redusere bestandstilstanden til vill anadrom fisk (laks og sjøaure), jf. pbl. §11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks). Tiltak kan heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.»*

Dersom det vert vurdert at massedeponeringa vil kunne gje negative verknader for viktig biologisk mangfald i og rundt deponiområde, som det ikkje kan takast omsyn til ved avgrensing eller avbøtande tiltak i, rår vi til å utgreie nærare eit anna alternativt deponiområde.

Vi forstår det slik at det er gjennomført kartlegging av marint biologisk mangfald i tiltaksområdet og influensområdet til utdjupingsstadane. Det må vurderast om kunnskapsgrunnlaget med dette er godt nok eller om det bør supplerast.

På bakgrunn av nye og eksisterande registreringar, må konsekvensane reguleringsplanen har for naturmangfaldet kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7-12. Vi merkar oss elles at lengda på anleggsperioden ikkje er avklart. Dette vil mellom anna avhenge av omsyn til hekke- og gyteperiodar. Vi føreset at det vert stilt krav i føresegnene om at anleggsarbeidet skjer utanfor desse periodane, og at det i nødvendig grad vert stilt krav om avbøtande tiltak. Ved nærare avklaring av endeleg omfang og avgrensing av tiltaka, må det i størst mogleg grad leggast vekt på å unngå negative verknader for biologisk mangfald i sjø og på land.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Arve Meidell | Heidi Sandvik |
| fung. seksjonsleiar | seniorrådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bremanger kommune | Postboks 104 | 6721 | SVELGEN |
| FISKERIDIREKTORATET | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN |
| Kystverket | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Mattilsynet | Postboks 383 | 2381 | BRUMUNDDAL |

Vestland fylkeskommune

Avdeling for
**Næring, plan og innovasjon (NPI)**

| | |
|---|---|
| **Dato** | 02.07.2025 |
| **Vår referanse** | 2025/39608-4 |
| **Dykkar referanse** | |
| **Sakshandsamar** | Ingunn Bårtvedt Skjerdal |
| **E-post** | Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no |
| **Telefon** | 45723354 |

MULTICONSULT ASA
Postboks 265 Skøyen
0213 OSLO

# Innspel til oppstart - detaljregulering - tiltak i farlei - utdjuping av grunner på sjøbotnen ved Olaskjeret, Hornelsflut, Skaten samt mogleg deponi på sjøbotn vest for Storøyna - planID 4648 202501 - Bremanger kommune

Vi viser til brev datert 20.05.25 om oppstart av arbeid med detaljregulering ved Olaskjeret, Hornelsflua, Skaten og for tiltak i farleia samt ved Storøyna for deponi. Formålet med planarbeidet er å gjera det sikrare og meir framkomeleg for fartøy som trafikkerer i hovudleia mellom Florø og Stad. Det er difor behov for å utdjupe fleire grunner på strekket i Bremanger kommune. Føremålet er i hovudsak i strid med kommuneplan der området er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag og område for fiske. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing og saman med melding om oppstart av planarbeid er det eit planprogram på høyring.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

**Vurdering og innspel**

Forankring regional plan
I følgje plan og bygningsloven §8-2 skal regional plan *(…) legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.*

Dei regionale planane har mål og retningsliner som skal leggast til grunn for planarbeidet. Vi ber om planane vert teke med som ein del av kunnskapsgrunnlaget og at det vert synleggjort i planomtalen korleis dei regionale føringane verkar inn på planen. Dei regionale planane er samla på fylkeskommune si heimeside. I planprogrammet er det vist til Utviklingsplanen 2020-2024, ny Utviklingsplan med nye mål og satsingsområde er vedteke. Vi gjer også merksam på at Strategisk plan for kysten Sogn og fjordane 2018- 2029, som det vert vist til, vart oppheva av fylkestinget juni 2025. Vi viser i tillegg til Regional plan for klima som aktuell.

Planfaglege merknadar

*Konsekvensutgreiing*
Kommunen har konkludert med at det er krav om konsekvensutgreiing av detaljreguleringsplanen i samband med oppstart av planarbeidet, på bakgrunn av at tiltaket ikkje er avklart i overordna plan. I konsekvensutgreiinga er det viktig å bruke ein anerkjent metode, og det er positivt at det er vist til metoden i miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 for konsekvensutredning av klima og miljø. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å klargjere verknadene av planar og tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det er viktig at alle aktuelle tilhøve vert vurdert opp mot dette. Fylkeskommunen finn at forslag til tema som blir handsama i konsekvensutgreiinga

dekker i hovudsak dei tema som er naturleg å gjere greie for. Vi viser til kommentarar under dei eniskilde fagtema. Vi vil også minne om at for tema det ikkje vert utarbeidd KU for, skal verknadane av planen gå fram av planomtalen.

*Alternativvurdering*
For å finne eigna sjødeponi er det søkt etter moglege område og det er vurdert ca. 30 alternative lokaliseringar. Det er vist til ein rapport som er utarbeidd, men vi kan ikkje sjå at rapporten Farlei Florø-Stad – Sjøbunndsdeponi, lokalisering og undersøkelsesplan (Multiconsult 10260975-02-TVF-RAP-001) er gjort tilgjengeleg. Det går fram kva kriteria som er vektlagt i alternativvurderinga, men ikkje kva lokaliseringar som er vurdert, unnateke dei som er aktuelle. Vi meiner at lokalisering av sjødeponi bør vere ein del av planprosessen. Alternativvurdering bør vere ein del av konsekvensutgreiinga og vi vil oppmode tiltakshavar om å ta lokalisering av sjødeponi inn i planprogrammet, konsekvensutgreiinga og arbeidet med reguleringsplanen.

Klima og miljø
Målsetjinga i planarbeidet er å sikre gjenbruk av massane, men dersom det ikkje er mogleg vil det vere naudsynt å regulere for sjødeponi. Vi ser det som viktig å ha fokus på gjenbruk og resirkulering av massane, framfor deponering. Jamfør avfallspyramiden er deponering siste utveg. Vi legg til grunn at planarbeidet viser korleis massane skal handterast.

Friluftsliv
Bremanger kommune har gjennomført kartlegging og verdisetting av friluftslivsområde. I planprogrammet er det vist til at mellom anna Skatestraumen er brukt i samband med dykking. Det område har verdi for friluftsliv utan at det er registrert i kommunen si kartlegging av friluftslivsområde. Det vil seie at det er viktig med kontakt med brukargrupper (dykkarklubbar, kajakklubbar, mfl.) som eit supplement til registreringar som ligg føre i kartleggingane i området.

Vassforvalting
Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Godkjent regional plan for vassforvaltning skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2.

Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane innan 2027. God tilstand sikrar gode levekår for vasslevande plantar og dyr og byggjer mangfald slik at vi menneske kan hauste frå naturen på berekraftig og trygt vis.

Vassforskrifta § 4 (overflatevatn) og § 6 (grunnvatn) tillét ikkje at nye byggjetiltak gjer tilstanden av elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn dårlegare enn han er i dag, eller sett miljømåla i risiko, med mindre det er grunnlag for unnatak etter § 12. Som det går fram av planprogrammet s. 23 «*Vassmiljøet kan bli påverka av partikkelspreiing frå mudring og dumping av lausmasser og sprengsteinmassar. Utlekking av uomsett nitrogen frå sprengsteinmassar kan påverke økologisk tilstand negativt. I tillegg kan næringsstoff som er lagra i sedimenta frigjerast under anleggsarbeida og med mogleg påverknad på kvalitetselementa for økologisk tilstand*.» Vi reknar difor med at konsekvensutgreiinga synleggjer korleis vassøkologien og vasskvaliteten vert påverka i tiltaksområdet og influensområdet. Dersom konsekvensutgreiinga synleggjer at miljømåla vert sett i risiko for ikkje å verte nådd eller tilstanden vert forringa må vassforskrifta § 12 verte vurdert.

Vi legg til grunn at avbøtande tiltak for anleggsarbeidet vert innarbeidd i føresegnene slik at dei negative verknadane av planen vert avgrensa så mykje som mogleg.

Kulturminne og kulturmiljø
Fylkeskommunen har oversendt saka til Bergens sjøfartsmuseum for høyringsinnspel sidan saka gjeld tiltak i sjø. Vi har ikkje motteke svar frå dei enno, men ettersender dette så fort det ligg føre.

Samferdsel
Fylkesveg 616 *Hornelsvegen* går i ein undersjøisk tunnel under Skatestraumen (sjå bilete 1).



*Bilete 1 Kart som viser Skatestraumstunnelen som ligg mellom Rugsundøyna og Bremangerlandet. Kjelde: Fylkesatlas.*

Avdeling for infrastruktur og veg (INV) er bekymra for auka tilsig av vatn i Skatestraumtunnelen om det vert utført sprengingsarbeid over og i nærleiken av tunnelen. I dag er det kapasitet for kring 3 døgn med tilsig om det blir havari på pumper ved eit eventuelt straumbrot, og det er allereie i dag i minste laget ved hendingar grunna lang bestillingstid og spesialpumper. INV har utfordringar med slitasje og kostnadar på pumpene i tunnelen i dag. Auka tilsig av vatn vil gje auka driftsutgifter i høve til slitasje på pumper, vedlikehald og andre driftskostnadar. Ved store nedbørmengder er det full drift på 3 dykkpumper og 3 løftepumper og det er i minste laget for kapasitet og om vasstand i magasin stig. Det er ikkje mogleg å auke dimensjonering på pumpeleidning, men det er mogleg at trykket i leidning kan aukast med diverse oppgraderingar til dømes i bergrom.

Pumpeleidningen er òg i relativ dårleg stand. Det er lekkasje på pumpeleidningen i bergrom der den går opp til utlaupskum. Innfestinga av pumpeleidningen mellom bergrom og utløpskum er ukjent. Auka bruk av pumpeleidning kan føre til havari på leidningen. Meir vatn i utløpskum vil òg føra til at kummen må tømmast oftare. Kostnadar i samband med tømming er høge då det er behov for båt til dette arbeidet.

Då det brann i Skatestraumtunnelen, vart delar av leidningsnettet øydelagt. Det er ukjent tilstand på delar av leidningsnettet. På den delen av røyrstrekket som går frå oljeutskiljar og mot nord er det eit sig i røyret og ein slit med motfall. Det er heller ikkje montert inn dykk i kummar etter brannen. Kapasiteten til oljeutskiljaren er for liten og auka tilsig vil gjere dette problemet større.

Tunnelen er vass- og frostsikra med PE-skum som er dekka av sprøytebetong. Sikring bak PE-skum er ukjent, men ein trur det er sikring med systembolting og sprøytebetong. Tilstand og kvalitet på sprøytebetong er ukjent. Ut frå kjennskap til tunnelar bygd i same periode, er det registrert dårleg og tynn sprøytebetong bak PE-skum. Det vert òg pårekna at bolt på baksida av PE-skum er påverka av tilsig av vatne med eit visst saltinnhald og kan ha redusert bereevne.

Punkta som er markert med grønt i kartet under (bilete 2), er plassering av teknisk bygg i botn av tunnelen. Frå desse punkta går det eit bergrom som ein reknar med går kring 50 meter mot aust, det vil sei rett under Bremagrunnen. Frå teknisk bygg er det ifølge kartet kring 100 meter mot sør til ein er i senter av Skaten. Her stig tunnelen og overdekkinga er mindre. Punkta og tunnellaupet i kartet er ikkje eksakt innmålt.




*Bilete 2 Kartet viser plassering av tekniske bygg i Skatestraumtunnelen. Kjelde: Vegkart, Statens vegvesen.*

I samband med planarbeidet, må det takast omsyn til faren for stengt tunnel grunna nedfall og svekka beredskap på Bremangerlandet. I utgangspunktet vil INV råde frå arbeid over tunnelen. I planarbeidet må det opprettast kontakt med INV. Om det skal utførast arbeidd, må ein rekne med at utbyggar tek kostnadar med sikring av tunnel, og det kan bli sett rekkjefølgjekrav og krav om utbyggingsavtalar.

Utover dette rører planen ikkje ved fylkesveginteresser. Om tiltaka likevel vil føre til auka bruk av avkøyrsler frå fylkesveg eller påverkar fylkesveginteressene, til dømes ved deponering av massar eller anleggsarbeid, kan fylkeskommunen kome med krav seinare knytt til fylkesvegane.

**Oppsummering**
Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på forholdet til fv 616 fot alternativet i Skatestraumen. I tillegg  er konsekvensutgreiing og god alternativvurdering av lokalisering av deponi viktig tema. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Liz Eva Tøllefsen
Fungerande seksjonsleiar
NPI – Plan, klima og analyse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi mottakarliste

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statsforvaltaren i Vestland | Statens hus - Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| BREMANGER KOMMUNE | Postboks 104 | 6721 | SVELGEN |

Intern sakshandsamarliste

| | |
|---|---|
| Hildegunn Furdal | INV - Vegforvaltning Vestland |
| Birgit Tansøy | KFO - Arealplan |

Museum Vest

Bergens Sjøfartsmuseum

Vestland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

| Dykkar ref. | Vår ref. | Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|
| | 25/00279-2 | Anders Schouw | 01.07.2025 |

# Vedr.- Ber om merknad frå Bergens sjøfartsmuseum - Detaljregulering av farlei - Olaskjeret, Hornelsflua, Skaten samt deponi på sjøbotnen vest for Storøyna - Bremanger kommune- Tilhøvet til maritime kulturminne

Me viser til melding motteke 06.06.2025.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenn ikkje til kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Alle dei påverka områda er allereie undersøkt av museet.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Me ynskjer å påpeika at vrak med Askeladden id. 139861 er omtalt som ikkje freda, men er automatisk freda grunna byggedato i 1923.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.
Særleg i området rundt Skaten er det funne mykje fiskesøkker i stein, jern og bly, frå steinalder til moderne tid. Her er det med stor truligheit meir.

Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne

Med helsing

Anders Schouw

STIFTELSEN MUSEUM VEST
Lyngneset 4A
5302 STRUSSHAMN

+47 53 00 61 00
post@museumvest.no
www.museumvest.no

Org.nr.: NO 987 669 586 MVA

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Kopi:
marinarkeologi
Bremanger kommune

FISKERIDIREKTORATET

Adm.enhet: Arealseksjonen
Saksbehandler: Ole Einar Jakobsen
Telefon: 55 23 80 00
Vår referanse: 25/9451
Deres referanse: 10260975-01
Dato: 26.06.2025

Multiconsult Norge As
Postboks 265 Skøyen
0213 Oslo

# Fiskeridirektoratets uttalelse til varsel om oppstart og høring av planprogram for detaljregulering av farled – Bremanger kommune

Vi viser til oversendelse datert 20.05.2025 med varsel om oppstart og høring av planprogram for detaljregulering av farled i Bremanger kommune.

**Saken gjelder**
Formålet med planarbeidet er å gjøre det sikrere og mer fremkommelig for fartøy som trafikkerer i hovedleia mellom Florø og Stad. For å øke dybden og bredden i farleden er det behov for å tilrettelegge for utdyping av flere grunner på strekningen. Det er også behov for å tilrettelegge for sjøbunnsdeponi. I Bremanger kommune skal det utarbeides detaljregulering ved Olaskjeret, Hornelsflua og Skaten for tiltak i farleden, samt ved Storøyna for deponi. Planlagt utdyping i sjø vil kreve boring, sprenging og mudring, og det planlegges for mulig deponiområde. Beregnet volum i deponiområdet vest for Storøyna er 64 000 m³, over et areal på 16 000 m².

Utdypingsområdene har formål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)*» i arealdelen for Bremanger kommune 2024–2036 (Plan ID: 4648_201804). Utdypingstiltakene er ikke i samsvar med overordnet plan. Deponiområdet ved Storøya har formål «*Fiske, KL*» i kommunedelplan «*Rugsund – Leirgulen*» som er gjeldende plan for området og ble vedtatt 21.03.2013 (Arealplan-ID: 1438. 201401). I tilhørende bestemmelse § 6.3 fastslås det at området er prioritert til kaste- og låssetting. Sjøbunnsdeponi er ikke i samsvar med formålet.

Det er vurdert at planforslaget medfører krav om konsekvensutredning (KU) og planprogram. Temaene naturmangfold, naturressurser og vannmiljø skal konsekvensutredes.

**Fiskeridirektoratets rolle i saken**
Fiskeridirektoratet har som formål å fremme lønnsom og verdiskapende næringsaktivitet gjennom bærekraftig og brukerrettet forvaltning av marine ressurser og marint miljø. Vi skal medvirke i planlegging etter plan- og bygningsloven i kyst- og sjøområder når fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfold som er viktig for næringene, blir berørt.

**Generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur**
På nettsiden Arealplaner (fiskeridir.no) har Fiskeridirektoratet samlet sin generelle planveiledning om fiskeri og akvakultur. Der informerer vi og gir råd om blant annet

- arealbehovet til sjømatnæringene
- kunnskapsgrunnlaget i kartløsningen «Yggdrasil»
- kriterier Fiskeridirektoratet benytter for å vurdere hvilke spørsmål som er av nasjonal eller vesentlig regional betydning innenfor saksområdene fiskeri, og tang- og tarehøsting, jamfør plan- og bygningsloven § 5-4
- hvordan fiskeri- og akvakulturinteresser kan sikres i plankart og -bestemmelser

**Fiskeri- og akvakulturinteresser i området**
I vårt kartverktøy Yggdrasil, med adresse https://portal.fiskeridir.no/plan, har vi samlet kartlag som viser viktige registreringer knyttet til fiskeri- og akvakulturinteresser, samt marint biologisk mangfold. I området denne saken gjelder, er det følgende registreringer;

Planområdet Olaskjeret
*Fiskeriinteresser*
Planområdet ligger i et registrert område for passive redskap (garn, «*Frøysjøen sør*»). Det er flere områder for aktive redskap i nærområdet. De nærmeste er områdene «*Rognane – Gåsøyskjæret*» for reketreål og «*Kroksøya*» for not, cirka 850 meter vestenfor.

I tillegg til kartfestede fiskeriinteresser har vi brukt sporingskilder som AIS (Automatic Identification System) sammenholdt med sluttseddeldata, Fiskeridirektoratets posisjonsrapportering VMS (Vessel Monitoring System), samt innmelding av faststående bruk for å vurdere fiskeriaktiviteten i området. Disse data viser svært lite aktivitet i og nær planområdet. Ut fra AIS registreringer kommer det frem at fiskeriaktiviteten (garn og teiner) i hovedsak foregår rundt 450 meter vest for planområdet.

For mindre fiskefartøy er det som hovedregel ikke krav om posisjonsrapportering, og kravene til rapportering av faststående bruk er avgrenset. Fiskeriaktiviteten kan med andre ord være høyere enn det som kommer frem av tilgjengelige data. Men det er lite sannsynlig at det er vesentlig mer fiskeriaktivitet i det begrensede og relativt grunne planområdet enn det som kommer frem.

Med bakgrunn i de opplysninger som er gitt fremgår det ikke at planlagte tiltak vil komme i konflikt med kartlagte fiskeriinteresser i området.

*Taretråling*
Planområdet ligger i østlige del av tarehøstefelt 207B. Det er ikke registrert sporingsdata eller innrapportering av høsting fra den delen som kommer innenfor planområdet.

*Akvakultur*
Det nærmeste akvakulturanlegget i sjø er lokalitet 39437 Hovden cirka 2,3 kilometer sørvest for planområdet. Lokaliteten er klarert for matfisk av laks, ørret og regnbueørret.

*Ressursområder og marine naturtyper*
Fiskeridirektoratet har registrert et gyteområde for torsk, hyse og sild i et område kalt «*Husefest*». Planområdet Olaskjeret ligger i nordlige del av dette gyteområdet. Det er også registrert et oppvekst-/beiteområde (for torsk, sei, hyse, lyr og breiflabb) navngitt som «*Frøysjøen*» i planområdet.

I Naturbase er det registrert naturtypen større tareskogforekomst med stortare (*Nordbotnen*), verdivurdert som svært viktig, i planområde Olaskjeret.

Planområdet Skaten og Hornelsflua (Skatestraumen)
*Fiskeriinteresser*
Den nærmeste registreringen av fiskeriinteresser er et område for aktive redskap (not) i Hornelsfjorden, cirka 330 meter øst for planområdet. I dette området er det også noen sporingsdata som viser litt fiske med garn etter breiflabb og noe teinefiske av sjøkreps.

Sporingsdata og innmelding av faststående bruk viser ingen fiskeriaktivitet i planområdet.

Ut fra gitte opplysninger fremgår det ikke at planarbeidet vil komme i konflikt med kartlagte fiskeriinteresser i området.

*Taretråling*
Det er ikke åpnet for taretråling i planområdet.

*Akvakultur*
Det nærmeste akvakulturanlegget i sjø er lokalitet 13550 Marøya NØ som ligger rundt 2,4 kilometer fra planområdets østlige grense. Det er klarert for matfisk av laks, ørret og regnbueørret.

*Ressursområder og marine naturtyper*
Havforskningsinstituttet (HI) har registrert et nasjonalt viktig gytefelt for torsk i Bortnepollen. Det ligger cirka 1,1 kilometer øst for østlige grense til planområde Skatestraumen. Gytefeltet er beskrevet med mye egg (3), stor tilbakeholdelse av egg (3), og har gytefeltverdi 6 (høyest mulig verdi). Det er også registrert et lokalt viktig gytefelt for torsk ved Rugsundøya nord. Dette ligger rundt 1,3 kilometer fra planområdets nordvestlige grense. Gytefeltet er beskrevet med noe egg (1), lite tilbakeholdelse av egg (1), og har gytefeltverdi 2.

I Naturbase er det i planområde Skatestraumen blant annet registrert naturtypen større tareskogforekomst med stortare (*Gangsøyna – Rugsundøyna*), verdivurdert som svært viktig.

Planområdet deponi vest for Storøyna
*Fiskeriinteresser*
Planområdet ligger i et registrert område «*Litleøystraumen*» for aktive redskap (not), og låssettingsplass (sild, makrell og sei).

Sporingsdata viser lite fiskeriaktivitet i selve planområdet. Det er en del sporingsdata av notfiske i dypområdet cirka 350 meter sør for planområdet, samt noe garnfiske etter breiflabb. I området for låssettingsplassen er det innrapportert fem låssettinger til Sildesalgslaget av nordsjøsild (2014-2018). Fire av disse er innenfor planområdet.

Med bakgrunn i gitte opplysninger kan etablering av et deponiområde som planlagt medføre konflikt med bruken av låssettingsplassen «*Litleøystraumen*». Spesielt i anleggsperioden. Ved en eventuell tillatelse til deponiområde som planlagt vest for Storøyna må det tas hensyn til eventuell låssatt fisk i området.

*Taretråling*
Det er ikke åpnet for taretråling i planområdet.

*Akvakultur*
Det nærmeste akvakulturanlegget i sjø er lokalitet 17177 Grunneneset som via Litleøystraumen ligger cirka 1,6 kilometer unna mot nordvest. Det er en matfisklokalitet klarert for laks, ørret og regnbueørret.

*Ressursområder og marine naturtyper*
HI har registrert et lokalt viktig gytefelt for torsk navngitt som «*Rugsundøya N*» cirka 250 meter fra planområdet via Litleøystraumen. Gytefeltet er beskrevet med noe egg (1), lite tilbakeholdelse av egg (1), og har gytefeltverdi 2.

I Naturbase er nærmeste registrering fra planområde Storøyna en større tareskogforekomst med stortare (*Gangsøyna – Rugsundøyna*) verdivurdert som svært viktig, rundt 550 meter unna.

**Generelt om planprogrammet**
Planprogrammet er informativt, grundig og oversiktlig. Det kommer klart frem hva som er formålet med planarbeidet. Likeså nasjonale og regionale føringer, kommunale rammer og planstatus, tema som skal skildres eller konsekvensutredes, samt medvirkning og fremdrift. Planområdene er svært godt og grundig beskrevet.

Vi vurderer det som positivt at temaene naturmangfold, naturressurser og vannmiljø foreslås konsekvensutredet. Dette støtter vi, da det vil være helt nødvendig for å kunne gjøre faglige vurderinger og sikre nødvendig ivaretakelse av våre interesser i planarbeidet. I forhold til våre interesser er det svært viktig at konsekvensene for anleggsperioden vurderes grundig og kommer klart frem i KUen. Det er ekstra positivt at planprogrammet i kapittel 3.1 omtaler forholdet til FNs bærekraftsmål nr. 14 og fastslår at «*I anleggsperiode og ved drift vil det vere fokus på å ta vare på og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremmer berekraftig utvikling*».

I planprogrammet kommer det frem av tabell 2-1 og 2-2 at det i Bremanger kommune planlegges å fjerne rundt 56 407 fm³ (ca. 116 000 am³) med masser. I sammendraget sies det at «*Gjenbruk av massane til utfylling i strandsona vil ikkje vere ein del av planane*».

Til tross for det vil vi minner om nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 og punkt 44 som sier at «*Helhetlig masseforvaltning avklares i regionale og kommunale planer. Planer for større bygge- og anleggsarbeider avklarer hvordan overskuddsmasser skal disponeres og hvordan nødvendig areal til håndteringen skal sikres. Muligheten for ombruk og materialgjenvinning vurderes, og massebalanse bør tilstrebes*». Vi anbefaler derfor at massehåndtering blir et av de sentrale tema som skal konsekvensutredes.

**Innspill**
Vi ser det generelt som svært negativt dersom viktige naturverdier ødelegges eller at miljøgifter kan spres eller slippes ut i naturmiljøet hvor de akkumuleres i næringskjeden og som på sikt representerer en potensiell fare. Generelt vil tiltak i sjø berøre marinbiologiske forhold. Mulige konsekvenser kan være resultat av selve tiltakene, endret topografi, strømforhold, habitat, artsmangfold og vannutskifting. Ved arbeid som berører sjøbunnen må det gjøres tiltak for å forhindre spredning av støy, partikler og eventuelle miljøgifter dersom det kan påregnes negativ påvirkning på marine verdier.

Det er usikkert hvordan finpartikler og eventuell forurensing spres og fordeles i gyteområdet «*Husefest*» for torsk, hyse og sild, samt til gytefeltet for torsk i Botnepollen, og hvilke eventuelle påvirkninger det vil kunne medføre. Hvor langt partiklene vil spres før de resedimenterer vil være avhengig av flere faktorer, som f.eks. partikkelstørrelse, vær- og strømforhold. Det er viktig å sikre at gyteområdet og gytefeltet og verdien av disse ikke forringes. Ved tiltak i sjø må det derfor tas hensyn til eventuell påvirkning og/eller negative effekter på disse og tidlige livsstadier for torsk, samt for yngel i potensielle oppvekstområder. Generelt anbefaler vi at det ved tiltak av større omfang i sjø som et minimum ikke tillates gjennomført slike i og nær registrerte gyteområder og/eller gytefelt for torsk i perioden 1. januar til 1. juni.

Sprengstein kan inneholde store mengder skarpe, flisige eller nåleformede partikler og avfall etter sprengningsarbeidet. Det kan for eksempel være rester av nonel-slanger (plastslanger), og udetonert sprengstoff. Sistnevnte kan føre til eutrofiering på grunn av nitratmengden. Det er ikke ønskelig at skarpe, flisige eller nåleformede partikler spres i vannmassene. Disse kan sette seg i gjellene på fisk og skade disse, forårsake kvelning og gi sårdannelse i annet biologisk vev. De kan også være skadelig for andre vannlevende organismer, spesielt stedbundne. Fysiske egenskaper ved mineraler fra harde bergarter medfører et særlig stort skadepotensial i denne sammenheng.

En viktig forutsetning for overlevelse for bestander av kysttorsk er at de opprettholder sin genetiske egenart. Fiskens gyteområder er ikke valgt tilfeldig, men omfatter områder hvor egg og larver har de beste forholdene og gir den høyeste overlevelsen. Kysttorskyngel bunnslår på svært grunt vann (0–20 meter) og vandrer sjelden ned på dypere vann før den er to år gammel. Lokale bestander av kysttorsk er derfor svært avhengige av kvaliteten og beliggenheten til de lokale gyteområdene, og tap eller forringelse av disse vil sannsynligvis føre til ytterligere tap og/eller reduksjon av bestanden.

Det er begrenset kunnskap om effekter av partikler på de tidlige livsstadiene (larver og tidlig yngel fra 4 til 50 millimeter lengde) av torsk. Torskens valg av gyteplass avgjøres ut fra hvilke områder som gir mest optimale forhold for overlevelse og vekst hos avkommet. Hos torsken har det vist seg at gyteplassene ofte er lokalisert slik at egg og larver i liten grad transporteres ut av fjordsystemet. Betydelige deler av neste generasjon vil derfor være samlet på et lite geografisk område i denne delen av livssyklusen. Selv små påvirkninger i denne fasen kan gi store utslag i rekrutteringen. Omfanget av og lengden på disse tidlige livsfasene er avhengig av flere variabler, og vanskelig å fastslå på enkeltlokaliteter uten ytterligere kunnskapsinnhenting.

Vi forutsetter at konsekvensutredningen for både utdypingsområdene og deponiområdet har spesielt fokus på naturmangfold og naturressurser. Som opplyst i planprogrammets kapittel 5.1 «*Utgreiingstema*» skal det for deponiområdet blant annet utføres ny naturtypekartlegging, måling av forurensning i sediment og strømmålinger der det er nødvendig. Videre at det for noen områder kan være nødvendig å modellere partikkelspredning. Her vil vi påpeke at dette er særlig aktuelt i eller nær områder med registrerte gytefelt og gyteområder for torsk, samt i forhold til nærliggende akvakulturanlegg. Resultatene fra utredningsarbeidet må kunne danne en god naturtypekartlegging av områdene, og beskrive naturmangfoldet og konsekvensene av både boring, sprenging, mudring og deponering i sjø.

I planprogrammets kapittel 5.2 «*Konsekvensutgreiing, metodikk og referansealternativ*» sies det at «*Det skal vurderast om det er behov for å vurdere konsekvensar for*

*anleggsperioden*». I forhold til våre interesser og ansvarsområder er vår vurdering at anleggsperioden er svært viktig med tanke på ulike konsekvenser av tiltakene. Vi mener derfor at det er et klart og sterkt behov for å vurdere konsekvenser for anleggsperioden. Konsekvensene for gytefelt og gyteområder må utredes, spesielt i forhold til støy- og partikkelspredning i anleggsfasen, samt effekter av permanente endringer av topografi. Videre mulige konsekvenser for tidlige livsstadier av torsk, for akvakulturanlegg i området, samt for eventuell låssatt fisk på registrerte låssettingsplasser. Det er sentralt at nødvendige avbøtende tiltak fremkommer i KUen.

I en tidligere utfyllingssak fra Åfjord kommune, der utfyllingsområdet var innenfor et regionalt viktig gytefelt for torsk, ble det innhentet faglige råd fra HI. I brev fra HI datert 09.03.2020 uttales det at *«Tiltak i form av mudring og utfylling vil kunne ha både midlertidige og permanente effekter på et gytefelt. Tiltak i selve gytetiden kan ha skremmeeffekter på voksen gytende fisk, samt at løste partikler i vannet kan ha en negativ effekt på overlevelse hos tidlige livsstadier. Permanent endring av topografi som torsken vil være avhengig av når den gyter, vil gi permanente effekter.»* Det opplyses imidlertid om at permanente effekter på grunn av endring av topografi avhenger av om tiltaket er direkte innenfor området der en finner nygytte egg.

HI anbefalte videre på generelt grunnlag at: *«… tiltak som mudring og utfylling som skal gjøres i nærheten av gytefelt bør i størst mulig grad gjøres utenfor gytetiden og den tiden yngelen bunnslår. Dette angis som regel som perioden februar til juni. Bruk av siltgardin for å hindre spredning av partikler i vannet vil også være et ønskelig tiltak som kan begrense skade på yngel som gjennom sommeren og utover høsten lever i oppvekstområder i nærheten av gytefeltene».*

Sprenging under vann vil kunne skape trykkbølger som forårsaker skremmeeffekter, skader og i verste tilfelle død hos fisk og marine pattedyr. Det er ikke kjent hvor lang tid etter sprenging at skremmeeffekter kan ha påvirkning på gyting. Sjokkbølger i vann vil også kunne føre til dødelighet hos larver og ikke bare voksen fisk. Organismer med gassfylte organer, som for eksempel en svømmeblære hos voksen fisk, yngel eller fiskelarver, vil være mest utsatt. For sprenginger under vann vil også plast som ikke brennes opp under detoneringen, representere et forurensningsproblem.

I kunnskapsveileder for marine naturverdier og tiltak i kystsonen gir Havforskningsinstituttet råd om undervannssprenging: Undervannssprenging ved utdyping av farled, bygging, sprenging av miner, og andre detonasjoner som gir trykkbølger under vann.

Vi viser også til rapport fra Havforskningsinstituttets rådgivning for menneskeskapt støy i havet*:* https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2023-63.

Det frarådes at sprengningsarbeid i sjø gjennomføres i umiddelbar nærhet til gyteområder når fisken gyter, samt i tiden rett etterpå. Dette for å skjerme egg og yngel. Det gis også flere råd, blant annet å benytte boblegardin og oppdeling av sprengsalvene i mindre ladninger.

Informasjonen og anbefalingen fra HI kan brukes som generelle råd og retningslinjer. Dersom tiltak i planområdet Olaskjeret vurderes å kunne påvirke gytefeltet for torsk ved Husefest negativt, forutsetter vi at anbefalingen fra HI om at tiltak i sjø må gjøres utenfor gytetiden for torsk og den tiden yngelen bunnslår følges. Vi forutsetter også at nødvendige tiltak for å begrense negativ påvirkning av støy, partikkelspredning og eventuelle miljøgifter vurderes nærmere. Generelt anser vi det som nødvendig at det nedfelles avbøtende krav i planbestemmelsene for å ivareta gytefelt/gyteområder, gytesuksessen og tidlige livsstadier

for torsk på best mulig måte. Spesielt dersom tidsperioden for anleggsarbeidet faller innenfor perioden fra 1. januar til 1. juni.

Generelle avbøtende tiltak kan blant annet være at tiltak i sjø ikke skal skje i gyteperioden for torsk (januar – april), samt i løpet av de tidlige livsfasene (mai – juni), dersom det kan ha negativ påvirkning på gytefelt, gytesuksessen og tidlige livsstadier, at fisk bør skremmes vekk fra tiltaksområdet ved sprenging av små ladninger i vannsøylen i forkant av sprengningsarbeid, og at turbiditeten overvåkes i de områdene der spredning av partikler kan nå sårbare områder (f.eks. gytefelt og naturtyper), eller akvakulturanlegg og låssatt fisk.

Tareskogforekomster er økologiske funksjonsområder for en rekke arter. Påvirkninger som nedslamming av tareplanter og redusert lystilgang grunnet partikler i vannet kan være sannsynlige påvirkninger i en anleggsfase. Oppvekstområder er i liten grad kartlagt, men det er kjent at større tareskogforekomster kan være mulige oppvekst- og beiteområder for torsk og andre arter.

Gytefeltet for torsk i planområdet Olaskjeret ligger i et kartlagt oppvekst-/beiteområde for torsk og andre arter, og i en større tareskogforekomst med stortare.

For å skjerme gytefeltet «*Husefest*» og overlevelse hos tidlige livsstadier, anbefaler vi i tråd med råd fra HI at planbestemmelsene fastsetter en forbudsperiode slik at undervannssprenging og mudring ikke kan foregå i perioden 1. januar til 1. juni.

I planområdet Skatestraumen anbefaler vi at det settes krav om avbøtende tiltak for å begrense negativ påvirkning av støy og partikkelspredning på gyting og tidlige livsstadier av torsk i det nasjonalt viktige gytefeltet for torsk i Bortnepollen.

**Konklusjon**
Fiskeridirektoratet kan ikke se at planarbeidet vil medføre vesentlige negative konsekvenser for fiskeriinteressene med tanke på bruk av sjøområdet. Men det må tas hensyn til eventuell låssatt fisk på låssettingsplassen «*Litleøystraumen*».

Ved tiltak i sjø som sprenging og mudring, må det tas hensyn til potensiell påvirkning på nærliggende gyteområder/gytefelt og tidlige livsstadier for torsk, samt for yngel som gjennom sommeren og utover høsten lever i potensielle oppvekstområder i nærheten av slike. Avbøtende krav for å begrense støy, partikkelspredning og eventuelle miljøgifter må vurderes.

Med bakgrunn i våre ansvarsområder og i forhold til marine ressurser forutsetter vi at alle eventuelle konsekvenser ved gjennomføring av tiltakene vurderes og kommer klart frem i konsekvensutredningen.

Planområdet Olaskjeret ligger i gyteområdet «*Husefest*» for torsk, hyse og sild. Vi forutsetter at det blir vurdert og tatt hensyn til eventuell påvirkning planlagte tiltak i sjø vil kunne få, og at HIs anbefaling om at dersom tiltak skal gjøres i eller i umiddelbar nærhet til gytefelt og gyteområder må arbeidet i størst mulig grad legges utenfor gyte- og larveperioden for torsk. Avbøtende tiltak for å ivareta gyteområdet, tidlige livsstadier og gytesuksessen totalt sett for torsk på best mulig måte, må forankres i planbestemmelsene. I dette tilfellet og med bakgrunn i råd fra HI forutsetter vi derfor som et minimum at det nedfelles i planbestemmelsene at anleggsarbeid ikke skal skje i perioden fra 1. januar til 1. juni.

Vi anbefaler også at det vurderes avbøtende tiltak med tanke på negativ påvirkning av støy og partikkelspredning fra utdypingstiltak ved Hornelsflua (i planområdet Skatestraumen) på gytefeltet «*Bortnepollen*» dersom anleggsperioden faller i tidsrommet 1. januar til 1. juni. Og at eventuelle slike fremkommer av planbestemmelsene.

**Videre planprosess**
Fiskeridirektoratet ber om at innspillene ovenfor blir tatt hensyn til i det videre planarbeidet. Ved videre kontakt i saken, vær vennlig å vise til vårt saksnr. 25/9451 og benytte e-post-adressen postmottak@fiskeridir.no.

Med hilsen

Tom Hansen
seksjonssjef

Ole Einar Jakobsen
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.*

**Mottakerliste:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Multiconsult Norge As | Postboks 265 Skøyen | 0213 | Oslo |

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bremanger Kommune | Postboks 104 | 6721 | SVELGEN |
| Kystverket | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Statsforvaltaren i Vestland | Statens hus | 6863 | LEIKANGER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |

KYSTVERKET

Multiconsult

| Deres ref | Vår ref | Arkiv nr | Saksbehandler | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 10260975-01 | 2025/2023-3 | | Sølvi Johanne Hanssen | 13.08.2025 |

**Kystverkets innspill til oppstart av planarbeid og høring av planprogram for detaljregulering av farled - Olaskjeret - Hornelsflua - Skaten - Bremanger kommune - Vestland fylke**

Viser til skriv av 20.05.2025 om oppstart av planarbeid og høring av planprogram for detaljregulering av farled – Olaskjeret – Hornelsflua – Skaten i Bremanger kommune.

Kystverket er tiltakshaver for detaljreguleringen, og Multiconsult er plankonsulent. I denne høringen har Kystverket rollen som planmedvirker etter plan- og bygningsloven, og ikke som tiltakshaver.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for større strekningsvise farledstiltak for å bedre sikkerheten og fremkommeligheten for fartøy som trafikkerer hovedleden mellom Florø og Stad. Det er derfor behov for utdypning av flere grunner langs strekningen, både i Bremanger og i Kinn kommune. Kystverket har en målsetning om at overskuddsmassene skal benyttes til samfunnsnyttige formål, men dersom dette ikke er mulig, skal detaljreguleringen også regulere et område til sjødeponi. Planen omfattes av krav til konsekvensutredning og ROS-analyse.

---

**Kystverket har følgende innspill til videre planarbeidet:**

- **Det må redegjøres for planforslagets påvirkning på eksisterende og framtidig skipstrafikk i anleggsperioden.**

---

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502, 6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: https://kystverket.no

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766

## Kystverkets rolle

Kystverket er en nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerhet og beredskap mot akutt forurensning. Kystverket ligger under Nærings- og fiskeridepartementet.

Et velfungerende sjøtransportssystem bestående av farleder, havner og havneterminaler er svært viktig for næringsutvikling langs kysten. Det er også viktig for at norske bedrifter skal kunne ta del i større handels- og produksjonsnettverk og for persontransport. I tillegg er sjøveien av sentral sikkerhetspolitisk betydning og muliggjør beredskap og forsvarsevne.

## Kystverkets innspill

Hovedleden mellom Florø og Stad er preget av kryssing og innsnevringer av farleden, samt enkelte åpne strekninger med utfordrende sjøvei under vanskelige værforhold. Strekningen har ikke gjennomgående standard og det er knyttet risiko til flere områder. Sjøfartsdirektoratet har fra 1981-2016 registrert over 50 ulike ulykker i hovedleden, og det vil derfor være et risikoreduserende tiltak å gjøre farleden bredere og rettere.



*Planområdet ved Olaskjeret*



*Planområdet ved Skatestraumen t.v og planlagt deponi ved Storøya t.h.*

### Farleder og ferdsel

Farledene er veisystemet på sjøen. Forvaltning av farledene og havnene er en forutsetning for effektiv og sikker sjøtransport. Det meste av trafikken på sjø går i farledene, og det er derfor viktig at det ikke planlegges for noe som hindrer sikker og effektiv ferdsel i disse områdene. Kystverket jobber kontinuerlig med å sikre kortere og tryggere ferdselsårer, som igjen bidrar til mindre klimagassutslipp. Sjøtrafikkens arealbehov avgjøres av trafikkbildet, farvannets utforming, værforhold, dag- og nattseilas og navigasjonsinnretninger tilknyttet farleden.

Varighet på anleggsperioden er ikke avklart. Kystverket ber om at planbeskrivelsen beskriver planens virkninger på ferdsel i farledene i anleggsperioden. Kystverket ber om at planens endring av risiko- og sårbarhetsbildet for ferdsel i farledene i anleggsperioden inkluderes i ROS-analysen.

Arealformål og bestemmelser
På generelt grunnlag vises det til at farledene skal vises som juridisk bindende samferdselslinje i plankartet.

I planprogrammet planlegges det å regulere areal på sjøoverflaten og sjøbunnen til ulike formål. Formålet *farlei* beskrives som «*Areal på sjøoverflata vert regulert til offentleg farlei. Tiltak for drift, vedlikehald og utvikling av farleia for skipstrafikken er tillate. Farleia skal vere allment tilgjengeleg.»*

Kystverket anbefaler bruk av arealformålet «*ferdsel*» i områder utenom farled som har særlig høy trafikk og ved trange farvann. Kystverket anbefaler at det tas inn bestemmelser som sikrer sjøtransportens interesser og foreslår følgende: *«Innenfor arealformålet farled/ferdsel tillates tiltak som tilrettelegger for sjøtransport. Tiltak eller inngrep som vanskeliggjør eller hindrer sjøtransport tillates ikke.»*

### Navigasjonsinnretninger
For å sikre trygg og sikker ferdsel i farvannet er navigasjonsinnretninger av vesentlig betydning. Kystverket har et overordnet ansvar for fyrlykter, overretter, staker, jernstenger og andre navigasjonsinstallasjoner i kommunen. Det må ikke planlegges arealbruk som kan komme i konflikt med navigasjonsveiledning i farvannet. Det er spesielt viktig at det ikke planlegges tiltak som kan skjerme for seilingssektorene fra fyrlyktene.

Planprogrammet omtaler ikke hvordan planlagt utdypning påvirker eksisterende navigasjonsinnretninger, eller om det er behov for å etablere nye innenfor planområdet. Det er viktig at det i planen og tilhørende bestemmelser legges til rette for nødvendig vedlikehold, nyetablering, flytting mv.

## Videre planarbeid
Videre planarbeid må redegjøre for planforslagets påvirkning på eksisterende og framtidig skipstrafikk i anleggsperioden. Kystverket ber om at våre innspill hensyntas i den videre prosessen.

Med hilsen

| | |
|---|---|
| Ruben Alseth<br>avdelingsleder | Sølvi Johanne Hanssen<br>seniorrådgiver |

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:

| | | | |
|---|---|---|---|
| FISKERIDIREKTORATET | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN |
| BREMANGER KOMMUNE | Postboks 104 | 6721 | SVELGEN |

## Enodd, Sissel

**From:** Sunniva Lie Børsheim <Sunniva.Lie.Borsheim@mattilsynet.no>
**Sent:** onsdag 2. juli 2025 14:10
**To:** Enodd, Sissel
**Subject:** VS: Svar på varsel om oppstart av detaljregulering for tiltak i farleia i Kinn kommune og Bremanger kommune

You don't often get email from sunniva.lie.borsheim@mattilsynet.no. Learn why this is important

Hei

Viser til varsel om oppstart av detaljregulering for tiltak i farleia i Kinn kommune og Bremanger kommune. Det er sendt ut to varsel, en for hver kommune.  Mattilsynet svarer på begge varslene i denne e-posten.

**«Uttale til detaljregulering av farlei i Kinn kommune og Bremanger kommune**

Mattilsynet viser til motteke høyring av detaljreguleringsplan for farlei i Kinn kommune og Bremanger kommune (planid  20250003 og 4648.202501), med frist for uttale 4. juli 2025. Tiltakshavar er Kystverket og plankonsulent er Multiconsult.

**Saka gjeld**
Planen er å gjere det sikrare og meir framkomeleg for fartøy i farleia. Det er snakk om fem område, tre i Kinn og to i Bremanger. Områda blir regulert for utdjupning og deponi i sjøområde. Det skal nyttast borerigg/mudringsfartøy for arbeidet. Det skal gjennomførast boring, sprenging og opplasting av sprengstein. Tiltaka blir utført frå lektar.

**Vår rolle**
Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt for plantehelse, fiskehelse og fiskevelferd, dyrehelse og dyrevelferd, mat og drikkevatn. Vår oppgåve er å sikre at tiltak som blir planlagt i kommunar og fylke ikkje bryt med regelverket der Mattilsynet er sektorstyresmakt. I denne saka uttalar vi oss om fiskehelse og fiskevelferd.

--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**Konklusjon**

**Tiltakshavar må sørgje for at det blir gjort risikovurderingar i forhold til arbeidet som er planlagt og nærleiken til akvakulturanlegga, og få på plass passande avbøtande tiltak. Tiltakshavar må innhente informasjon om inntaksleidningar til dei ulike lokalitetane og gjere ei vurdering i forhold til fare for forureining av inntaksvatnet.**

**Dei ulike oppdrettsaktørane må involverast i planprosessen så dei kan planlegge eventuelle avbøtande tiltak, og dei skal varslast ved avvik frå planane eller ved uhell som kan føre til liding for fisk eller forureining av sjømatprodukt.**

--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**Omsyn til fiskehelse og fiskevelferd**

Mattilsynet har forvaltningsansvar for å vareta god velferd hos fisk og tifotkreps og fremje god helse hos akvakulturdyr og andre akvatiske dyr, jf. forskrift om dyrehelse (dyrehelseforskriften) FOR-2022-04-06-631 og forskrift om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften) FOR-2008-06-17-822.

Mattilsynet minner om at det er særleg plikt til aktsemd med tanke på å førebygge og forhindre risiko for spreiing av smittsame sjukdommar hos dyr, inkludert akvatiske dyr. Dyrevelferdslova seier ein skal behandle dyr, inkludert akvatiske dyr, godt og beskytte dei mot fare for unødige påkjenningar og belastingar.

Mattilsynet uttalar seg om kva for effekt planlagt tiltak vil kunne ha på akvakultur og villfisk i området. Det ligg fleire oppdrettsanlegg i dei aktuelle områda, både i sjø og i nærleiken på land. Det er ikkje nasjonale laksevassdrag eller nasjonale laksefjordar i nærleiken.

Vår vurdering:
Generelt så vil Mattilsynet påpeike at det må stillast krav til entreprenørar og andre relevante verksemder om vask og desinfeksjon av anleggsmaskinar og anna utstyr før dei kan nyttast i og nær vassdrag og fjordar.

Under anleggsfasen vil det kunne oppstå avrenning frå anleggsvatn eller utslepp av kjemikaliar og olje frå maskinar, og entreprenør må raskt kunne setje i verk naudsynte tiltak for å hindre skade på resipienten. Partiklar og kjemikaliar vil kunne påverke laksefisk og anna marint liv negativt. Partiklar frå steinmassar har ein svært negativ effekt på fisk

Effekt av sprenging og støy under vatn på oppdrettsfisk og villfisk:
Lyd og trykkbølgjer kan bere langt under vatn og kan skremme og skade fisk. Vi har ikkje sikre data på kor langt unna ein fisk må vere for å unngå påverking. Trykkbølgjer kan drepe fisk i umiddelbar nærleik, og fisk i eit område rundt vil også kunne bli påverka negativt og ta skade. Fisk er sensitive for trykkforandringar og har organ som kan registrere slikt på ein annan måte enn landdyr kan.

Mens viltlevande fisk kan reagere på skremmande stimuli ved å trekke unna og såleis redusere fare for fleire skremmestimuli, er fisk i oppdrettsanlegg bundne til å bli der dei er. Fisk innestengt i merd kan få panikkreaksjonar som gjer at dei klemmer seg saman i botnen av notposen, eller rasar inn i notveggen. Vi har sett eksempel på slike panikkreaksjonar ved høge lydpåverknader, lysblink eller angrep frå predatorar som skarv, sel, oter og niser. Slike panikkreaksjonar er uønskte då dei kan føre til stor dødelegheit og omfattande skadar på fiskane. Skremmande stimuli for oppdrettsfisk utgjer derfor ei velferdsmessig utfordring. Langvarig stress kan påverke viktige fysiologiske funksjonar hos fisken, inkludert stressresponsar, matlyst, orienteringsevne, immunforsvar og motstandskraft mot sjukdommar.

Effekt av partikkelspreiing på oppdrettsfisk og villfisk:
Sprenging og frislepp av partiklar frå steinmassar gir høg partikkeltettleik i vatnet. Slike partiklar kan irritere gjellene på fisk med påfølgjande auka slimproduksjon. Mykje slim på gjellene vil gi nedsett evne til å ta opp oksygen, og fisken vil kunne lide under dette. Det er truleg at skaden ikke blir så omfattande at fiskane vil dø då det vil vere betydeleg fortynningseffekt frå tiltaksstedet, men stress og nedsett fôropptak/ redusert vekst er sannsynlege reaksjonar etter ei slik påverking. Dette fører til redusert velferd. Tilførsel av partikulært vatn vil avhenge av avstand, hovudstraumbilete, månefasar, vind m.m.

Fisk på land vil, i likhet med fisk i sjø, kunne få negative reaksjonar på vibrasjon og trykkbølgjer frå sprenging og utfylling i sjø avhengig av kor nærme dei er til tiltaket og kor skjerma dei er i anlegget. Dei ulike landanlegga kan ha inntaksleidningar for sjøvatn i tiltaksområdet, og fiskane kan bli negativt påverka av partiklar i vatnet som nemnt over avhengig av korleis inntaksvatnet blir reinsa.

Mattilsynet har ikkje ytterlegare kommentarar når det gjeld fiskehelse og fiskevelferd på dette stadiet i planarbeidet.»

Med vennlig hilsen

**Sunniva Lie Børsheim**
veterinær/seniorinspektør
Mattilsynet, kontorsted Voss, tilsynsdivisjon akvakultur

Telefon: 22778966/46817650
Besøksadresse: Magasinvegen 35, Voss
Felles postadresse: Mattilsynet, tilsynsdivisjon akvakultur, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal
E-post: postmottak@mattilsynet.no
www.mattilsynet.no

Mattilsynet

NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

MULTICONSULT NORGE AS AVD TRONDHEIM SLUPPENVEGEN
Postboks 6230 Torgarden

7486 TRONDHEIM

**Vår dato:** 16.06.2025
**Vår ref.:** 202511876-2 Oppgi ved kontakt
**Dykkar ref.:** 10260975-01

**Sakshandsamar:** Ole Martin Bolset, ombo@nve.no

# NVE sitt generelle innspel - Varsel om oppstart og høyring av planprogram - Detaljregulering av Farlei - Olaskjeret, Hornelsflua, Skaten, samt mogleg deponi på sjøbotnen vest for Storøyna - Bremanger kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 20.05.2025.

## Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

## NVE si generelle rettleiing

NVE sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplan er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, https://www.nve.no/arealplanlegging/.

På NVE sine internettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløysingar.

**Meld inn fareutgreiingar**
Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 er skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger. Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: Meld inn naturfareutredninger - NVE.

**NVE si oppfølging av planarbeidet**
Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging».

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Øyvind Leirset<br>Seksjonssjef | Ole Martin Bolset<br>Rådgiver |

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarar:**
MULTICONSULT NORGE AS AVD TRONDHEIM SLUPPENVEGEN - Sissel Enodd

**Kopimottakarar:**
BREMANGER KOMMUNE

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

| Dokumentdato | Vår referanse |
|---|---|
| 16.06.2025 | 2025/45-696 |

| Vår saksbehandlar | Dykkar dato | Dykkar referanse |
|---|---|---|
| Monica Drage Thorbjørnsen | | 10260975-01 |

MULTICONSULT NORGE AS
Att.Sissel Enodd
Postboks 265 Skøyen
0213 OSLO

# Automatisk tilbakemelding - Varsel om oppstart av planarbeid - Detaljregulering av farlei - Bremanger kommune

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til plansaka som de har sendt på høyring. DSB har diverre ikkje kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker og sender difor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvaltaren som skal følgje opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Statsforvaltaren har også eit ansvar for samordning av statlege innseiingar til kommunale planar.

DSB har innseiingskompetanse etter plan- og bygningslova i plansaker som råkar følgjande område:

- Verksemder som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemder
- Transport av farleg gods
- Branntryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta)

Sidan Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å følgje opp samfunnstryggleik i planar, vil også desse områda kunne inngå som ein del av Statsforvaltarens si oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvaltaren og vil gje fagleg innspel til Statsforvaltaren om det er naudsynt.

**Om det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaka, bed vi om at høyringa sendast inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva tilhøve det bedast om uttale frå DSB til.**

**Dersom plansaka gjeld areal knytt til etablert storulykkeverksemd eller areal der ein planlegg etablering av anlegg som sikkert eller kanskje vil bli storulykkeanlegg, ber vi også om at høyringa blir send DSB på nytt. Det må gå fram av oversendinga at saka gjeld plansak knytt til anlegg omfatta av storulykkeforskrifta.**

Vi viser elles til www.dsb.no for DSB sin rettleiar om samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen og rettleiar om tryggleiken rundt storulykkeverksemder.

Med helsing
for Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Arkiv

Dokumentet er godkjend elektronisk og sendast derfor utan underskrift.

**Postadresse**
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Postboks 2014
3103 Tønsberg

**Kontoradresse**
Rambergveien 9, 3115 Tønsberg

**E-post**
Postmottak@dsb.no

**Telefon**
33 41 25 00

**Internett**
www.dsb.no

**Organisasjonsnummer**
974 760 983

Sør-Norges Fiskarlag

**Multiconsult**
**v/Sissel Enodd**

| Dykkar ref. | Vår ref. | Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|
| 10260975-01 | 7.1 | Eirin Kongestøl Espeland, 917 61 815 | 04.07.2025 |

## Melding om oppstart av planarbeid , høyring og offentleg ettersyn av planprogram for detaljregulering av farlei – Bremanger og Kinn kommune

Visar til at ein har motteke to høyringar, for kvar av kommunane Bremanger og Kinn, som i heilheit gjeld same sak. Ein vel difor å sende ein felles uttale. Sør-Norges Fiskarlag har fått høyringssakene via Norges Fiskarlag. For framtidige oversendingar som gjeld tiltak i sjøområde frå og med Møre og Romsdal fylke til og med Østfold fylke, ber ein om at desse blir oversendt Sør-Norges Fiskarlag.

Sør-Norges Fiskarlag sender inn uttale i samråd med våre lokallag Nordfjord Fiskarlag og Fjordane Fiskarlag.

### Bakgrunn

I Kinn kommune er det varsla om oppstart av detaljregulering for tiltak i farleia ved Ulvesundet, Kariskjeret og Tekneskjerflua. Det blir òg vurdert deponiområde i tilknytning til kvart av tiltaksområda. I Bremanger kommune er det er varsla om oppstart av detaljregulering for tiltak i farleia ved Olaskjeret, Hornelsflua og Skaten, samt deponering ved Storøyna.

Føremålet er å gjere farleia mellom Florø og Stad sikrare og framkomeleg ved å auke djupna og breidda i farleia. I planprogrammet står det at det er eit mål å nytte massane frå utdjuping til samfunnsnyttige føremål, som utfylling. Reserveløysinga, i tilfelle det ikkje er mogleg å nytte overskotsmassane til dette, er å regulere område til sjødeponi.

### Våre merknadar

Sør-Norges Fiskarlag med lokallag peikar på at det er svært positivt med utbetring av farlei som bidrar til betre sikkerheit og framkomst. Ein ser derimot at det er behov for dialog og kunnskapsdeling om eventuelle deponiområde. Dumping/deponering av massar bør så langt det lar seg gjere unngåast i sjø, særleg i tilknyting til viktige ressursområde og sårbare periodar for økosystemet (gyte- og yngelperiodar). Massar bør søkjast å bli brukt til samfunnsnyttige føremål eller leverast til mottak på land. Sjølv reine massar kan påverke lokalt økosystem.

Sør-Norges Fiskarlag
Postadresse: Postboks 936, Sentrum, 6001 Ålesund
E-post: sor-norges@fiskarlaget.no | Telefon: 70 10 77 50
www.fiskarlaget.no | Org.nr.: Sør-Norges Fiskarlag 970 326 715

Fiskeridirektoratet sine kystnære fiskeridata og sporingsdata gir ein god indikasjon på kor det blir drive fiske og kva type fiskeri som foregår i dei ulike områda. Likevel er det viktig med god dialog med fiskarlag og fiskeriinteresser då det kan vere interesser og omsyn som ikkje er like synleg i eit slikt kartverktøy. Fiske er naturgitt og kan variere år for år basert på vêr, vind, temperatur og tilgjengelegheit. Likevel har ein enkelte ressursområde som skiller seg ut.

Med bakgrunn i ovannemnde går ein sterkt i mot vurdering av sjødeponi ved Storøyna. Dette er eit svært viktig ressursområde med god mattilgong for vandrande pelagiske artar som sild og makrell, og dermed gjer det godt eigna for notfiske og låssetting. Notfisket som foregår i slike område er svært berekraftig og klimavenleg med lite forbruk av drivstoff og reine fangstar. Ein er dermed avhengig av å ivareta slike tradisjonelt viktige område som ein for pelagisk fisk ofte kan finne i bukter og fjordbotnar med dei rette naturtilhøva.

I tillegg ønsker ein gjennomgang av øvrige deponiområde, samt vurdering av tidspunkt for dei ulike operasjonane og innverknad på livet i sjø og pågåande fiskeri. Her visar ein mellom anna til at det er registrert viktige og sårbare gyte- og beiteområde, særleg ved Frøysjøen.

Sør-Norges Fiskarlag med lokallag ber om eit møte før ein går vidare i konsekvensutgreiinga for å gå igjennom planane og fiskeriinteresser i dei ulike områda, samt vurdere alternative område for eventuelle (i utgangspunktet uønska) deponi i sjø.

Med helsing
**Sør-Norges Fiskarlag**

**Janita Arhaug**
*Dagleg leiar*

**Eirin Kongestøl Espeland**
Rådgjevar

Kopi: Fjordane Fiskarlag
Nordfjord Fiskarlag
Fiskeridirektoratet
Statsforvaltaren i Vestland

Enodd, Sissel

| Deres ref. | Vår ref. | Dato |
| --- | --- | --- |
| 10260975-01 | 23/5359 - 12 | 27.06.2025 |

# HØRINGSUTTALELSE LINJA AS - MELDING OM OPPSTART AV PLANARBEID , HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN AV PLANPROGRAM FOR DETALJREGULERING AV FARLEI, BREMANGER KOMMUNE

Vi viser til Deres varsel om oppstart av planarbeid for tiltak i farleia i Bremanger kommune.

Linja AS har et fiberkabelanlegg innenfor planområdet. Fiberkabelanlegget er etablert fra Bortnen, via landtak ved Hamnen på Rugsundøya, og videre til Oldeide, og er etablert i samarbeid med Broadnet (nå Global Connect) og Enivest hvor partene eier og disponerer en andel fiber hver. Ber om at det tas hensyn til fiberkabelanlegget i planprosessen og ved gjennomføring av nødvendige tiltak.

Linja AS ønsker informasjon om utviklingen og fremdriften i planarbeidet, slik at vi så tidlig som mulig kan gi videre innspill.

Vennlig hilsen
Linja AS

Erling Austreim
Avdelingsingeniør Prosjekt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*



Langemyra 6, 6160 Hovdebygda
NO 912 631 532

05247 | **linja.no**
post@linja.no

## Enodd, Sissel

| | |
|---|---|
| **From:** | Marte Vassbotten <marte@steinvik.no> |
| **Sent:** | mandag 11. august 2025 11:32 |
| **To:** | Enodd, Sissel |
| **Cc:** | Silje Sveen; Øyvind Mjønerud; Erlend Vassbotten; Inger Svare Kvien |
| **Subject:** | Innspel til planprogram (planid. 4648.202501) – utjupingstiltak aust for Olaskjeret |

You don't often get email from marte@steinvik.no. Learn why this is important

Hei Sissel

Eg tek kontakt på vegner av oppdrettsselskapa **Steinvik Fiskefarm**, **Marø Havbruk** og **E. Karstensen Fiskeoppdrett**.

Vi takkar for utvida frist og for høvet til å kome med innspel til planprogrammet (planid. 4648.202501) i samband med planlagde utjupingstiltak aust for Olaskjeret.

**Oppdrettslokalitetar sør-vest for Olaskjeret**

- Steinvik Fiskefarm har lokaliteten *Hovden* (nr. 39437)
- Marø Havbruk og E. Karstensen Fiskeoppdrett har lokaliteten *Grunnsøya* (nr. 24615)

**Vår uro**

Vi er uroa for at sprengingsarbeidet kan føre til redusert dyrevelferd for fisken. Eit nyleg gjennomført prosjekt, *#901744 Salmon Soundscape* (finansiert av FHF og HI), har undersøkt korleis lyd og støy påverkar oppdrettslaks: *Støy som mulig stressfaktor og velferdsutfordring i oppdrettsnæringen | Havforskningsinstituttet*

Sjølv om det framleis er behov for meir kunnskap om korleis sprenging påverkar laks, viser observasjonar av fisk på land at sprenging kan få laksen til å svømme ned mot botnen av tanken. Vi har sjølve observert at høg og uventa lyd kan føre til at fisken trekkjer seg ned, noko som kan skape stress og i verste fall dødeleg press på fisken som er nederst.

**Vårt forslag**

Vi vil difor oppmode om at eventuell sprenging av Olaskjeret vert gjennomført i perioden då vi ikkje har fisk på desse to lokalitetane. Begge anlegga vil stå brakk frå **august 2026 til og med februar 2027.**

Takk for at de tek omsyn til dette innspelet. Vi ser fram til ein konstruktiv dialog med dykk og Bremanger kommune i det vidare planarbeidet.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller ønskjer nærare informasjon.

Med venleg helsing,

Marte Vassbotten

Prosjekt- og berekraftsansvarleg | Steinvik Fiskefarm AS
Mob: +47 48 00 02 32

E-post: marte@steinvik.no
Adresse: Sandviksvegen 264, 6940 Eikefjord

**www.steinvik.no**

**From:** Marte Vassbotten
**To:** Enodd, Sissel; Silje Sveen
**Cc:** Øyvind Mjønerud; Erlend Vassbotten; Inger Svare Kvien
**Subject:** SV: Innspel til planprogram (planid. 4648.202501) – utjupingstiltak aust for Olaskjeret
**Date:** onsdag 10. desember 2025 14:35:31
**Attachments:** image002.png

---

Hei Sissel

Takk for svar.

Planane slik dei føreligger no, for Steinvik, er brakklegging frå aug/sept. 2028 tom ca. mars 2029. Viktig å presisere at dei kan endre seg alt etter om det blir slakting før tida, biosikkerheit osv. Derfor er det viktig med tett dialog i god tid før sprenging, slik at alle partar er førebudde, og slik at vi kan planlegge drifta, og koordinere oss i mellom.

Kan ikkje svare for Marø og E. Karstensen - @Silje Sveen når planlegger de brakklegging?

Med venleg helsing,

Marte Vassbotten

Prosjekt- og berekraftsansvarleg | Steinvik Fiskefarm AS
Mob: +47 48 00 02 32
E-post: marte@steinvik.no
Adresse: Sandviksvegen 264, 6940 Eikefjord

www.steinvik.no

---

**Fra:** Enodd, Sissel <sissel.enodd@multiconsult.no>
**Sendt:** tirsdag 2. desember 2025 09:18
**Til:** Marte Vassbotten <marte@steinvik.no>
**Kopi:** Silje Sveen <silje@marohavbruk.no>; Øyvind Mjønerud <oyvind@karstensen.no>; Erlend Vassbotten <erlend@steinvik.no>; Inger Svare Kvien <Inger@steinvik.no>
**Emne:** RE: Innspel til planprogram (planid. 4648.202501) – utjupingstiltak aust for Olaskjeret

Hei,
takk for innspel til planarbeidet.
Tiltaka vil ikkje bli utført enda i 2026/27.
Er det slik at anlegga vil stå brakk frå august til og med februar kvart år?

Med vennlig hilsen
SISSEL ENODD
Landskapsarkitekt/Arealplanlegger/Ansvarlig søker

(+47) 73 10 32 63 / 45 26 95 62 | sissel.enodd@multiconsult.no
www.multiconsult.no
Multiconsult

---

**From:** Marte Vassbotten <marte@steinvik.no>
**Sent:** mandag 11. august 2025 11:32
**To:** Enodd, Sissel <sissel.enodd@multiconsult.no>
**Cc:** Silje Sveen <silje@marohavbruk.no>; Øyvind Mjønerud <oyvind@karstensen.no>; Erlend Vassbotten <erlend@steinvik.no>; Inger Svare Kvien <Inger@steinvik.no>
**Subject:** Innspel til planprogram (planid. 4648.202501) – utjupingstiltak aust for Olaskjeret

You don't often get email from marte@steinvik.no. Learn why this is important

Hei Sissel

Eg tek kontakt på vegner av oppdrettsselskapa **Steinvik Fiskefarm**, **Marø Havbruk** og **E. Karstensen Fiskeoppdrett**.

Vi takkar for utvida frist og for høvet til å kome med innspel til planprogrammet (planid. 4648.202501) i samband med planlagde utjupingstiltak aust for Olaskjeret.

**Oppdrettslokalitetar sør-vest for Olaskjeret**

- Steinvik Fiskefarm har lokaliteten *Hovden* (nr. 39437)
- Marø Havbruk og E. Karstensen Fiskeoppdrett har lokaliteten *Grunnsøya* (nr. 24615)

**Vår uro**

Vi er uroa for at sprengingsarbeidet kan føre til redusert dyrevelferd for fisken. Eit nyleg gjennomført prosjekt, *#901744 Salmon Soundscape* (finansiert av FHF og HI), har undersøkt korleis lyd og støy påverkar oppdrettslaks: *Støy som mulig stressfaktor og velferdsutfordring i oppdrettsnæringen | Havforskningsinstituttet*

Sjølv om det framleis er behov for meir kunnskap om korleis sprenging påverkar laks, viser observasjonar av fisk på land at sprenging kan få laksen til å svømme ned mot botnen av tanken. Vi har sjølve observert at høg og uventa lyd kan føre til at fisken trekkjer seg ned, noko som kan skape stress og i verste fall dødeleg press på fisken som er nederst.

**Vårt forslag**
Vi vil difor oppmode om at eventuell sprenging av Olaskjeret vert gjennomført i perioden då vi ikkje har fisk på desse to lokalitetane. Begge anlegga vil stå brakk frå **august 2026 til og med februar 2027.**

Takk for at de tek omsyn til dette innspelet. Vi ser fram til ein konstruktiv dialog med dykk og Bremanger kommune i det vidare planarbeidet.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller ønskjer nærare informasjon.

Med venleg helsing,

Marte Vassbotten

Prosjekt- og berekraftsansvarleg | Steinvik Fiskefarm AS
Mob: +47 48 00 02 32
E-post: marte@steinvik.no
Adresse: Sandviksvegen 264, 6940 Eikefjord

www.steinvik.no

**From:** Øyvind Mjønerud
**To:** Marte Vassbotten; Enodd, Sissel; Silje Sveen
**Cc:** Erlend Vassbotten; Inger Svare Kvien
**Subject:** Sv: Innspel til planprogram (planid. 4648.202501) – utjupingstiltak aust for Olaskjeret
**Date:** onsdag 10. desember 2025 15:18:28
**Attachments:** image002.png
Outlook-mqioxxuk.png

---

Hei

Marø/Karstensen har planlagt samme brakkleggingsperiode for lokalitet Grunnsøya.

Med vennlig hilsen

**Øyvind Mjønerud**
Driftskoordinator
Marø Havbruk AS
E. Karstensen Fiskeoppdrett AS
Tlf: 906 79 656

E. KARSTENSEN MARØ HAVBRUK

---

**Fra:** Marte Vassbotten <marte@steinvik.no>
**Sendt:** onsdag 10. desember 2025 14:35
**Til:** Enodd, Sissel <sissel.enodd@multiconsult.no>; Silje Sveen <silje@marohavbruk.no>
**Kopi:** Øyvind Mjønerud <oyvind@karstensen.no>; Erlend Vassbotten <erlend@steinvik.no>; Inger Svare Kvien <Inger@steinvik.no>
**Emne:** SV: Innspel til planprogram (planid. 4648.202501) – utjupingstiltak aust for Olaskjeret

*[Advarsel - denne eposten kjem frå ekstern avsendar. Vèr forsiktig med lenker og vedlegg.]*
Hei Sissel

Takk for svar.

Planane slik dei føreligger no, for Steinvik, er brakklegging frå aug/sept. 2028 tom ca. mars 2029. Viktig å presisere at dei kan endre seg alt etter om det blir slakting før tida, biosikkerheit osv. Derfor er det viktig med tett dialog i god tid før sprenging, slik at alle partar er førebudde, og slik at vi kan planlegge drifta, og koordinere oss i mellom.

Kan ikkje svare for Marø og E. Karstensen - @Silje Sveen når planlegger de brakklegging?

Med venleg helsing,

Marte Vassbotten

Prosjekt- og berekraftsansvarleg | Steinvik Fiskefarm AS
Mob: +47 48 00 02 32
E-post: marte@steinvik.no
Adresse: Sandviksvegen 264, 6940 Eikefjord

www.steinvik.no

**Fra:** Enodd, Sissel <sissel.enodd@multiconsult.no>
**Sendt:** tirsdag 2. desember 2025 09:18
**Til:** Marte Vassbotten <marte@steinvik.no>
**Kopi:** Silje Sveen <silje@marohavbruk.no>; Øyvind Mjønerud <oyvind@karstensen.no>; Erlend Vassbotten <erlend@steinvik.no>; Inger Svare Kvien <Inger@steinvik.no>
**Emne:** RE: Innspel til planprogram (planid. 4648.202501) – utjupingstiltak aust for Olaskjeret

Hei,
takk for innspel til planarbeidet.
Tiltaka vil ikkje bli utført enda i 2026/27.
Er det slik at anlegga vil stå brakk frå august til og med februar kvart år?

Med vennlig hilsen
SISSEL ENODD
Landskapsarkitekt/Arealplanlegger/Ansvarlig søker

(+47) 73 10 32 63 / 45 26 95 62 | sissel.enodd@multiconsult.no
www.multiconsult.no
Multiconsult

**From:** Marte Vassbotten <marte@steinvik.no>
**Sent:** mandag 11. august 2025 11:32
**To:** Enodd, Sissel <sissel.enodd@multiconsult.no>
**Cc:** Silje Sveen <silje@marohavbruk.no>; Øyvind Mjønerud <oyvind@karstensen.no>; Erlend Vassbotten <erlend@steinvik.no>; Inger Svare Kvien <Inger@steinvik.no>
**Subject:** Innspel til planprogram (planid. 4648.202501) – utjupingstiltak aust for Olaskjeret

> You don't often get email from marte@steinvik.no. Learn why this is important

Hei Sissel

Eg tek kontakt på vegner av oppdrettsselskapa **Steinvik Fiskefarm**, **Marø Havbruk** og **E. Karstensen Fiskeoppdrett**.

Vi takkar for utvida frist og for høvet til å kome med innspel til planprogrammet (planid. 4648.202501) i samband med planlagde utjupingstiltak aust for Olaskjeret.

**Oppdrettslokalitetar sør-vest for Olaskjeret**

- Steinvik Fiskefarm har lokaliteten *Hovden* (nr. 39437)
- Marø Havbruk og E. Karstensen Fiskeoppdrett har lokaliteten *Grunnsøya* (nr. 24615)

**Vår uro**

Vi er uroa for at sprengingsarbeidet kan føre til redusert dyrevelferd for fisken. Eit nyleg gjennomført prosjekt, *#901744 Salmon Soundscape* (finansiert av FHF og HI), har undersøkt korleis lyd og støy påverkar oppdrettslaks: *Støy som mulig stressfaktor og velferdsutfordring i oppdrettsnæringen | Havforskningsinstituttet*

Sjølv om det framleis er behov for meir kunnskap om korleis sprenging påverkar laks, viser observasjonar av fisk på land at sprenging kan få laksen til å svømme ned mot botnen av tanken. Vi har sjølve observert at høg og uventa lyd kan føre til at fisken trekkjer seg ned, noko som kan skape stress og i verste fall dødeleg press på fisken som er nederst.

**Vårt forslag**

Vi vil difor oppmode om at eventuell sprenging av Olaskjeret vert gjennomført i perioden då vi ikkje har fisk på desse to lokalitetane. Begge anlegga vil stå brakk frå **august 2026 til og med februar 2027.**

Takk for at de tek omsyn til dette innspelet. Vi ser fram til ein konstruktiv dialog med dykk og Bremanger kommune i det vidare planarbeidet.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller ønskjer nærare informasjon.

Med venleg helsing,

Marte Vassbotten

Prosjekt- og berekraftsansvarleg | Steinvik Fiskefarm AS
Mob: +47 48 00 02 32
E-post: marte@steinvik.no
Adresse: Sandviksvegen 264, 6940 Eikefjord

www.steinvik.no

# Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.

## Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

**Prosjektnavn:** Strekning Florø - Stad, Detaljregulering av tiltak i farleia, Bremanger kommune

**Adresse:** Verpe 18, 6734 RUGSUND

**Kommune:** BREMANGER

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|---|---|---|---|
| 83 | 5 | 0 | 0 |

## Nabovarselet er mottatt av

**Eier/ fester av naboeiendom:** INGVARD MARTIN ARNE HAVNEN

**Adresse:** Hornelsvegen 2522, 6719 SKATESTRAUMEN

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|---|---|---|---|
| 64 | 3 | 0 | 0 |

**Adresse:**

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|---|---|---|---|
| 64 | 3 | 1 | 0 |

## Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- ○ Jeg har ingen merknader
- ◉ Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

27.05.2025 17:13:55 AR683087710

27.05.2025 17:13:55 AR683087710

Eg forstår behovet for å sikra leia. Men området rundt Skaten fyr har frå tidlegare tider vore, og framleis er ein av dei beste fiskeplassene i ytre delen av Nordfjord. Dette ser eg hverken omtala eller problematisert. Konsekvensane av tiltaket synest difor mangelfullt utgreidd og bør ikkje gjennomførast før dette er gjort. Det største problemet for skipstrafikken i Skatestraumen er at dei fleste fartøya hald for stor fart og grev opp mykje sjø. Eg har sjølv erfart det og fått skadar på kai. Dette kan og skapa farlege situasjonar ved møtande skip. Det burde difor heller vorte sett ei fartsgrense for trafikken gjennom Skatestraumen.

Dersom den som har sendt deg nabovarselet enkelt skal kunne kontakte deg ved behov, kan du legge inn e-post og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse: ingvard.havnen@gmail.com

Telefonnummer: 95468383

## SIGNERT AV

INGVARD MARTIN ARNE HAVNEN på vegne av HAVNEN INGVARD MARTIN A 27.05.2025

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

27.05.2025 17:13:55 AR683087710

27.05.2025 17:13:55 AR683087710

# Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.

DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

02.06.2025 23:35:40 AR683995966

## Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

**Prosjektnavn:** Strekning Florø - Stad, Detaljregulering av tiltak i farleia, Bremanger kommune

**Adresse:** Verpe 18, 6734 RUGSUND

**Kommune:** BREMANGER

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|---|---|---|---|
| 83 | 5 | 0 | 0 |

## Nabovarselet er mottatt av

**Eier/ fester av naboeiendom:** BJØRN RINGSTAD

**Adresse:** Storøystumpen 2, 6734 RUGSUND

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|---|---|---|---|
| 90 | 2 | 0 | 0 |

## Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- ○ Jeg har ingen merknader
- ◉ Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

Som nabo er jeg svært kritisk til planene om mulig deponi vest for Storøya og nær opp til Litløynå. Det fremgår ikke tydelig hva de fulle konsekvensene vil være, men ut fra min kjennskap til området som fritidspadler er det enkelte steder relativt grunt og tidvis sterk strøm. Jeg er redd for at den marine vegetasjonen vil bli negativt påvirket og med fare for slamdannelser. Det er så smalt og grunt enkelte steder at dette vil være en reel problemstilling.

02.06.2025 23:35:40 AR683995966

I tillegg er deler av området en del av et unikt kulturmiljø med Rugsund handelsted som "juvelen". Dette kulturmiljøet strekker seg en god del sør for selve handelshuset. Innimellom det trange og oppsplittede sundet på vestsidan av Litløynå ligger en rekke ruiner/tufter etter eldre kaianlegg og trolig bryggehus. Her er også eldre fortøyningsbolter som viser tilbake til stedets storhetstid, trolig på 1800-tallet. Disse er ikke så enkle å se for et utrent øye, men er viktige element i kulturlandskapet. Det eldste huset på Litløyna er også fra omkring 1820-1840, og viser til aktiviteten i området i samme tidsrommet.
Jeg er redd for at et deponi i det aktuelle området vil påvirke både det marine plantelivet, kulturmiljøet og mulighetene til å utøve friluftsliv vil kunne bli sterkt redusert.

02.06.2025 23:35:40 AR683995966

Dersom den som har sendt deg nabovarselet enkelt skal kunne kontakte deg ved behov, kan du legge inn e-post og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse: bjornringstad55@gmail.com

Telefonnummer: 41458971

## SIGNERT AV

BJØRN RINGSTAD på vegne av RINGSTAD BJØRN 02.06.2025

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

02.06.2025 23:35:40 AR683995966

**From:** Svein Olsen
**To:** Enodd, Sissel
**Subject:** Utdjuping av grunne på Hornelsfluen.
**Date:** torsdag 3. juli 2025 17:32:41

You don't often get email from pjokken1905@gmail.com. Learn why this is important

Etter samtale med deg i dag, sendes et skriftlig varsel.
Vi bor på Kalveholmen, rett øst av Skaten fyrlykt. Vi har en brønn som vannkilde, og erfaring fra tidligere sprengnings virksomhet i nærheten av oss kan resultatet bli lekkasje/sprekker i brønnen.

Vil bare gjøre dere oppmerksom på dette. Vi får ta det videre om dette blir tilfelle når arbeidene er ferdige.

Mvh Svein J. Olsen